



Mjøs Metallvarefabrikk As
Tveitavegen 25
5282 LONEVÅG

Referanser:

Dykkar: Bjørn Øvsthus
Vår: 23/1766 - 23/15159

Saksbehandlar:

Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:

27.06.2023

92/4 - Holo - Gjeld tilbakemelding

Tiltak: Masseplassering
Eigedom: Gbnr: 92/4
Tiltakshavar: Mjøs Metallvarefabrikk As

Saka gjeld plassering av massar langs Kossdalsvegen på gnr. 92 bnr. 4.

Kommunen syner til motteken e-post av 22.06.2023 med vedlegg.

Kommunen legg ut frå motteken tilbakemelding til grunn at tiltakshavar har meint at tiltaket kan utførast utan søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak § 4-1, 1. ledd, bokstav f, nr. 7.

Det vert lagt til grunn at tiltakshavar har ansvaret for at tiltaket er/vert utført i samsvar med vilkåra i forskrift om byggesak § 4-1, 1. ledd, jf. § 4-1, 2. ledd.

Eit av vilkåra for at tiltaket skal kunne utførast utan søknad etter plan- og bygningslova er mellom anna at avstand frå fyllingsfoten til nabogrensa er minst 1,0 meter, jf. forskrift om byggesak § 4-1, 1. ledd, bokstav f, nr. 7.

Vidare er det tiltakshavar sitt ansvar at det er gjeve nødvendige løyve eller samtykke frå aktuelle styresmakter, før tiltaket vert sett i gang, jf. forskrift om byggesak § 4-1, 3. ledd, jf. plan- og bygningslova § 20-5, siste ledd.

Massane er plassert på landbruksareal, og det vil difor vere krav om etablering av vegetasjonsdekke så snart som mogeleg for at tiltaket skal vere i samsvar med arealføremålet og for å redusere fare for avrenning mot elv. Det må sendast melding til kommunen med informasjon om etablering av vegetasjonsdekke. Frist for tilbakemelding er 31.07.2023.

Med atterhald om at det vert etablert vegetasjonsbelte så snart som mogeleg, vurderer kommunen ut frå motteken informasjon at det i denne konkrete saka vil masseplasseringa på gnr. 92 bnr. 4 langs Kossdalsvegen vere eit avvik av "mindre betydning". Kommunen finn difor etter ei samla vurdering basert på tiltaket sin art, omfang og plassering at det er høve til å avstå frå å fylgje saka opp vidare etter plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 32-1, 2. ledd.

Post

post@osteroy.kommune.no
Postboks 1
5293 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto

Org.nr. 864.338.712

På bakgrunn av denne vurderinga er kommunen sin konklusjon at ein i denne konkrete saka vel å avstå frå å følgje opp det ulovlege tilhøvet, jf. plan- og bygningslova § 32-1, 2. ledd.

Det vert gjort merksam på at denne avgjerda ikkje fører til at tiltaket vert lovleg og i samsvar med plan- og bygningslova. Om tiltaket skal verte lovleg må det sendast inn komplett søknad etter plan- og bygningslova kapittel 20. Søknaden vert då handsama ut frå gjeldande plangrunnlag og regelverk.

Byggesaksavdelinga har ikkje teke stilling til om tiltaket eventuelt er søknadspliktig etter andre reglar, lover, forskrifter, føresegner, m.v.

Avgjerd etter plan- og bygningslova § 32-1 er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Marit Nedreli
fagansvarleg byggjesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakar:

Mjøs Metallvarefabrikk As

Tveitavegen 25

5282

LONEVÅG